HERØY KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Stad:** | Herøy rådhus, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 21.06.2017 |
| **Tid:** | 16:00 – 21:05 |

**Medlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Svein Gjelseth | Medlem | AP |
| Jens Terje Johnsen | Medlem | AP |
| Per Kristian Furø | Medlem | AP |
| Runar Stave | Medlem | AP |
| Leiv Aarflot | Medlem | AP |
| Gerd Kopperstad | Medlem | AP |
| Ole Brubakk | Medlem | KRF |
| Edel Kvalsund Goksøyr | Medlem | KRF |
| Henry Jøsokbakke | Medlem | V |
| Arnulf Goksøyr | Leder | H |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Medlem | H |
| Margaret Leinebø | Medlem | H |
| Bjørn Otterlei | Medlem | H |
| Idar Kjell Tarberg | Medlem | H |
| Sigurd Voldsund Nygard | Medlem | H |
| Janne-Katrin Hansen Sævik | Medlem | H |
| Stian Sævik Elveseter | Medlem | H |
| Solveig Helen N. Båtsvik | Medlem | FRP |
| Thor-Sigmund Garvik | Medlem | FRP |
| Frank Roy Moltu | Medlem | FOLK |

**Forfall:**

| | | |
|---|---|---|
| Reidun S Myrvågnes | MEDL | AP |
| Olaug Andreassen | MEDL | AP |
| Rakel Anett Gjelseth | MEDL | AP |
| Sofie Mere Arntsen | MEDL | AP |
| Camilla Storøy | NESTL | KRF |
| Linn-Therese Hansen Sævik | MEDL | KRF |
| Stig Arne Helsem Sævik | MEDL | H |
| Marthe Vågsholm Sævik | MEDL | H |
| Hilde Marie Brungot | MEDL | H |
| Dag Kåre Nærø | MEDL | FRP |
| Bjarne Kvalsvik | MEDL | FOLK |
| Kjell Runde | MEDL | FOLK |
| Kaja Runde | MEDL | FOLK |

**Varamedlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Egil Kjell Leikanger | Reidun S Myrvågnes | AP |
| Silje Oksholen Gjelseth | Olaug Andreassen | AP |
| Arne Ringstad | Rakel Anett Gjelseth | AP |
| Birgitte Sævik Pedersen | Camilla Storøy | KRF |
| Mona Grethe Ryssevik | Linn-Therese Hansen Sævik | KRF |
| Jan Arve Drabløs | Stig Arne Helsem Sævik | H |
| Knut Tandberg | Marthe Vågsholm Sævik | H |
| Lars Ivar Moldskred | Hilde Marie Brungot | H |
| Tor Inge Sporstøl | Dag Kåre Nærø | FRP |
| Rolf Arne Nilsen | Kjell Runde | FOLK |
| Paul Johan Remøy | Bjarne Kvalsvik | FOLK |

**Andre:**

Rådmann Olaus Jon Kopperstad

Politisk sekretær Brit Berge

Erlend Krumsvik, Sunnmøre regionråd

Økonomileiar Geir Egil Olsen

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Runar Stave og Idar Tarberg

Frank Roy Moltu kom til møtet kl. 16:30 under orientering om demokratiprosjektet.

**Skriv delt ut i møte:**
Tilråding Årsrapport 2016 i Maritim og teknisk komite 19.06.2017
Tilråding Tertialrapportper 01.05.2017 i komite for næring,kultur og idrett 19.06.2017
Tilråding Tertialrapport per 01.05.2017 i Maritim og teknisk komite 19.06.2017
Saksframlegg K-sak 70/17.
Tilråding i komite for næring,kultur og idrett i K-sak 74/17

**Orienteringar:**
Erlend Krumsvik, Sunnmøre regionråd orienterte om demokratiprosjektet.

underskrifter

Runar Stave | Arnulf Goksøyr | Idar Tarberg

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 56/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 57/17 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 58/17 | Delegerte saker |
| PS 59/17 | Referatsaker |
| PS 60/17 | Ordførarens kvarter |
| | Referatsaker |
| RS 16/17 | Utdeling arbeidsmiljøprisen 2017 |
| RS 17/17 | Presentasjon av lokaldemokratiprosjektet v/Erlend Krumsvik, Sunnmøre regionråd |
| PS 61/17 | Godkjenning av kommunerekneskapen for 2016 |
| PS 62/17 | Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2016 |
| PS 63/17 | Årsrapport  2016 |
| PS 64/17 | Årsmelding og reknskap Herøy frivilligsentral 2016 |
| PS 65/17 | Tertialrapport per 01.05.2017. |
| PS 66/17 | Budsjettkontroll per 30.04.2017 |
| PS 67/17 | Finansrapport per 30.04.2017 |
| PS 68/17 | Forvaltningsrevisjonsprosjekt.  Økonomisk rapportering - Herøy kommune |
| PS 69/17 | Gnr 34 Bnr 363 - Kjøp av eigedom |
| PS 70/17 | Tiltakspakke 2017 - fordeling av tilskot |
| PS 71/17 | Myklebuståsen - spørsmål om oreigning av grunn |
| PS 72/17 | Reguleringsplan Skarabakken - slutthandsaming |
| PS 73/17 | Slutthandsaming Trafikktryggingsplan. Stadfesting av rullerte handlingsplanar. |
| PS 74/17 | Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av fotballhall på Bergsøy kunstgrasbane samt støtte til tiltaket |
| PS 75/17 | Forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, kriterium og venteliste |
| PS 76/17 | Brukarundersøking i barnehagane våren 2017 |

| | |
|---|---|
| PS 77/17 | Brukarundersøking fysioterapitenesta |
| PS 78/17 | Brukarundersøking legetenesta |
| | Delegerte saker frå avdelingane |
| DS 141/17 | Mellombels bruksløyve - 30/84 og 83 - del av 2 mannsbustad - seksjon A |
| DS 142/17 | Søknad om ferdigattest |
| DS 143/17 | Sputnik as - 59/48 og 68 - Igangsettingsløyve 3 |
| DS 144/17 | Sjøkanten as - 24/12,6 og 2 - Fylling i sjø |
| DS 145/17 | Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde - 26/229 - Igangsettingsløyve |
| DS 146/17 | Ferdigattest - 34/123 - nedgravd avfallsløysing |
| DS 147/17 | Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - søknad om skjenking for eit bestemt arrangement |
| DS 148/17 | Ferdigattest - mur/terrasse 46/82 |
| DS 149/17 | Trygve Bøe - 16/3 - Riving av lødebygg |
| DS 150/17 | Ferdigattest - 34/99 - heile bygget, sekjson nr 1 til 13 + u etg og uteareal |
| DS 151/17 | Ferdigattest garasjebygg - 45/171 |
| DS 152/17 | Ferdigattest flytebrygge 60/29 |
| DS 153/17 | Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG Raudebuda |
| DS 154/17 | Ferdigattest - Veg og P-anlegg leikanger skule |
| DS 155/17 | Ferdigattest einebustad 20/62 |
| DS 156/17 | Mellombels bruksløyve - 40/1 - einebustad |
| DS 157/17 | Ferdigattest garasje - 20/32+ 97 |
| DS 158/17 | Odd Gunnar Gjerde - 45/90 seksjon nr1 - Terrasse |
| DS 159/17 | Frådeling av tillegsareal frå gnr 8 bnr 8 til gnr 8 bnr 21 |
| DS 160/17 | Ronny A. Moltumyr - 60/40 - tilbygg |
| DS 161/17 | Mellombels bruksløyve garasje 1 etg - 29/233 |

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| RS 18/17 | Tilsynsrapport med varsel om tre vedtak. |
| RS 19/17 | AMU-sak 13/17 Særutskrift Årsrapport AMU 2016 |
| RS 20/17 | Korrigert utskrift møteprotokoll kontrollutvalet - HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016 |
| RS 21/17 | AMU-sak 17/08 - Rutine for varsling og oppfølging |
| RS 22/17 | Møteprotokoll kontrollutvalet 22.05.2017 |
| RS 23/17 | Årsmelding for 2016 - Søre Sunnmøre Landbrukskontor |
| RS 24/17 | Myrabakken bustadfelt - status pr. mai 2017 |
| RS 25/17 | Myrabekken avlastningskanal - status |
| RS 26/17 | SSR - Eigarmelding 2016 |
| RS 27/17 | K-sak 10/2001 Lojalitet og ytringsfridom |
| RS 28/17 | Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet |
| RS 29/17 | Melding om vedtak frå kontrollutvalet - sak 19/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT ØKONOMISK RAPPORTERING |

**PS 56/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

**Møtebehandling:**
Inge hadde merknader til innkalling og sakliste.

**PS 57/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

**Møtebehandling:**
Protokoll frå førre møte låg føre

**PS 58/17 DELEGERTE SAKER**

**Møtebehandling:**
Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

**PS 59/17 REFERATSAKER**

**Møtebehandling:**
Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

**PS 60/17 ORDFØRARENS KVARTER**

**Møtebehandling:**
Saka går ut.

## PS 61/17 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2016

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

## PS 62/17 DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET FOR 2016

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Ein rår til at heile mindreforbruket, kr 22.492.725,01, vert avsett til ulike disposisjonsfond med slik fordeling:

- Kr 4.186.922,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (konto 25655900)
- Kr 1.239.683,- vert avsett til disposisjonsfond flyktning (vertskommunetilskotet – konto 25655900))
- Kr 16.466.120,01 vert avsett til kommunens ordinære disposisjonsfond (konto 25600100)

## PS 63/17 ÅRSRAPPORT 2016

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Årsrapport 2016 vert godkjend.

## PS 64/17 ÅRSMELDING OG REKNSKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2016

**Møtebehandling:**

Komite for næring si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2016 vert godkjend.

## PS 65/17 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2017.

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Saka vert tatt til vitande.

## PS 66/17 BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2017

**Møtebehandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Herøy kommunestyre ser at kommunen har utfordringar knytt til skatteinntekter og rammetilskott.

Herøy kommunestyre tek budsjettkontrollen per 30.04.2017 til vitande.

## PS 67/17 FINANSRAPPORT PER 30.04.2017

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

1. Finansrapporten vert tatt til vitande

2. Ein plasserer i første omgang NOK 10,0 mill kr i pengemaknadsfond hjå to ulike fondsselskap. Rådmannen får fullmakt til å plassere desse basert på avkastningshistorikk og kostnadar.

## PS 68/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT. ØKONOMISK RAPPORTERING - HERØY KOMMUNE

### Møtebehandling:

Tolråding frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – **Økonomisk rapportering** - Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunere-visjon IKS, datert 14.02.2017).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

    **1.** Kommunen må sette i verk tiltak for å følgje opp økonomireglementet mht. månadsrapportering til formannskapet.
    **2.** Kommunen må rapportere på rekneskapsskjema 1A i budsjettkon-trollrapportane slik at ein kan samanlikne rapporteringa direkte med vedteke budsjett og rekneskap. Kommunen må oppdatere økonomireglementet i høve gjeldande orga-nisering (kap 2.2.2).
    **3.** Kommunen må vurdere å utarbeide ein felles mal for korleis dei verbale beskrivingane i budsjettkontrollrapportane skal utarbeidast, kva dei skal innehalde, og sikre at alle einingar/avdelingar rapporterar.
    **4.** Kommunen må utarbeide tilfredstillande rutinar for at meirinntekter som overstig rapporteringsgrensene i økonomireglementet, evt. mindre-forbruk vert rapportert inn så raskt som råd slik at dei kan handsamast politisk.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennom-føringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.11.2017

## PS 69/17 GNR 34 BNR 363 - KJØP AV EIGEDOM

### Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017

Herøy kommunestyre kjøper gnr 34 bnr 363 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 27.04.2017.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153
kr 4 200 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 4 200 000,-

## PS 70/17 TILTAKSPAKKE 2017 - FORDELING AV TILSKOT

### Møtebehandling:

Saksframlegg vart lagt fram i møte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017

1. Kommunestyret tek fordelinga av tilskotsmidlar frå kommunal- og moderniseringsdepartemenet til vitande og vedtek å vidareføre prosjektet i samsvar med prosjektbeskrivelsen, likevel med slik fordeling av midlar til ordinær anskaffelse:

    a. Sektor Samfunnsutvikling – Kr. 1 250 000,-

    b. Sektor Stab – Eigedomsavdelinga – Kr. 1 250 000,-

2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei naudsynte budsjettendringar.

## PS 71/17 MYKLEBUSTÅSEN - SPØRSMÅL OM OREIGNING AV GRUNN

### Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte.
Tine Storøy reiste habilitetsspørsmål. Ho er gjennom eigarsskap i Troll-myra barnehage i forhandlingar om kjøp av grunn til parkeringsplass nær det aktuelle området.

Ho vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 2. ledd.

Det vart halde gruppemøte.
Høgre kom med framlegg om slikt nytt pkt. 3 til tilrådinga:

Før kommunestyret får ei oreigningssak til realitetbehandling forutset kommune-styret at det er teke initiativ til nye reelle forhandlingar mellom utbyggar og grunneigarar.

Det vart røysta to-delt.
Pkt. 1 og 2 i tilrådinga - vedteke mot 11 røyster.
Nytt Pkt. 3 – samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

1. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utgreie sak om oreigning av naudsynt veg og trafikkareal slik som det går fram av saka.
2. Det skal inngåast eigen avtale om at Myklebuståsen Utbygging dekkjer alle kostnader Herøy kommune får i samband med denne saka.
3. Før kommunestyret får ei oreigningssak til realitetsbehandling forutset kommunestyret at det er teke initiativ til nye reelle forhandlingar mellom utbyggar og grunneigarar

## PS 72/17 REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - SLUTTHANDSAMING

**Møtebehandling:**

Egil Leikanger reiste habilitetsspørsmål. Han er i nær slekt med grunneigarar i skarabakken. Han vart samrøystes kjend habil.
Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Herøy kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for Skarabakken* med plankart, føresegn datert 16.03.2017 og planomtale datert 12.05.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

## PS 73/17 SLUTTHANDSAMING TRAFIKKTRYGGINGSPLAN. STADFESTING AV RULLERTE HANDLINGSPLANAR.

**Møtebehandling:**

Det var halde gruppemøte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vedtek kommunestyret justert handlingsprogram i kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-2018.

Tiltaka skal fortrinnsvis utførast i oppsett prioritert rekkefølgje, men på ein slik måte at ein får utnytta ressursane best mogleg.

## PS 74/17 IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV FOTBALLHALL PÅ BERGSØY KUNSTGRASBANE SAMT STØTTE TIL TILTAKET

**Møtebehandling:**

Det vart halde gruppemøte.

Høgre kom med framlegg om slikt endra pkt. 3:

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 8.162.000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskotteringa vert gitt under føresetnad at søknaden om Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent på regionalt eller nasjonalt nivå.

Det vart røysta todelt.
Pkt. 1 og 2 - samrøystes vedteke.
Endra pkt. 3 – samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

1. Herøy kommunestyre godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fotball/treningshall på Bergsøy kunstgrasbane, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.

2. Herøy kommunestyre gir løyve til at Bergsøy Idrettslag får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt. Kostnadar med etablering, tinglysing og overdraginga må idrettslaget dekkje. Ordførar får fullmakt til å signere skjøte for overdraginga.

3. Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 8.162.000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent på regionalt eller nasjonalt nivå.

## PS 75/17 FORSKRIFT OM RETT TIL SJUKEHEIMSPLASS ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNSTENESTER, KRITERIUM OG VENTELISTE

**Møtebehandling:**

Kommunalleiar helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Herøy kommunestyre vedtek framlegg til forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, kriterie og venteliste, slik den ligg føre som vedlegg til saka.

Godkjend forskrift tek til å gjelde frå 01.07.2017

## PS 76/17 BRUKARUNDERSØKING I BARNEHAGANE VÅREN 2017

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteekn.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Resultatet av brukarundersøkinga i kommunale og private barnehagar våren 2017 vert teken til vitande.

## PS 77/17 BRUKARUNDERSØKING FYSIOTERAPITENESTA

**Møtebehandling:**

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

## PS 78/17 BRUKARUNDERSØKING LEGETENESTA

**Møtebehandling:**

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2017**

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

**MØTET SLUTT!**